

Fylkesrådet for eldre

Harald Ekroll

Takk for hyggelig telefonsamtale. Vedlagt finner du avisutklipp fra Sogn Avis 6. februar, med intervju av Hildur Dvergedal og oppmålingsingeniør i Sogndal kommune Eirik Røysi, og leder i samme avis 8. februar.

Røysi opplyser at det er mellom 2000 og 3000 i kommunen som mangler fullstendig gateadresse. Dette skulle vært på plass innen 2015. Årsaken til forsinkelsen blir oppgitt å være ressursmangel.

En annen måte å si det på, er at arbeidet er nedprioritert. Det virker som om kommunen ikke tar inn over seg at mangel på adresse kan få svært alvorlige konsekvenser. Ambulanse, lege, politi og brannvesen som ikke finner fort fram, kan få katastrofale konsekvenser. Og dette skaper en helt berettiget frykt. Posten, hjemmetjenesten, matombæring, drosjer osv. skal også finne fram, og det hjelper lite med gps når adressen mangler. Som Dvergedal påpeker, er det et ønske fra kommunen om at eldre skal bli boende hjemme så lenge som mulig, men da må kommunen bidra til at det kjennes trygt.

Håper Fylkesrådet for eldre kan bistå til å få satt fokus på denne saken.

Men vennlig hilsen

Grete Fischer

Leder eldrerådet i Sogndal

Sogndal 14.2.2017



**ÚTLOFMODIG:** – Kor længe má me líne í Ólnes ventu þá á fá gættum þess?, spurde Hildur Dvergedal í 2012. No spur ho igjen.

# Vantar framleis

# Venttar framleis på gatenummer

## ■ Gått over fem år ■ Etterlyser handling

**SOGNDAL:** Hildur Dvergedal er ei av mange som framleis manglar gatenummer.

Ho er uroa.

– Det var sagt at me skulle få det innan 2015, no er det 2017. Kvifor har ingenting skjedd? Spør Hildur Dvergedal.

Ho bur på Ølnes og har vegen kven gatenummer på huset sitt, eller gatenamn på vegen som går forbi nedanfor huset.

### Ikkje skjedd noko

I desember 2012 skreiv Sogn Avis at (sjå faksimile) Hildur Dvergedal, og nærare 8.000 andre sogningar mangla gatenadresse og gatenamn. Den gong vart det sagt at dette skulle vera på plass innan 2015, då dette var eit nasjonalt krav.

Fem år seinare har ingenting skjedd på hjå Dvergedal inne på Ølnes.

### Utrygt

– Utan gateadresse er det vanskeleg å finna fram for politi, branntvern, lege og andre. Ein

må vera nærast lokalkjend for å finna fram, seier ho.

Hildur Dvergedal er blitt 83 år og bur framleis heime. Ho synest det er utrygt å bu alei- ne i eit hus utan gateadresse.

– Alle vil at dei eldre skal bu lengst mogleg heime, men då er det viktig at det er trygt å bu her. Det må leggjast til rette for at me skal kunna kjenna oss trygge. Om eg skulle verta sjuk og treng legehjelp, må eg vera trygg på at legen finn fram. Dei kan ikkje venta at eg skal stå ned i vegen å losa dei fram. Er du sjuk greier du kanskje heller ikkje å seia så mykje. Dette handlar om tryggleiken til oss som bur her, seier Dvergedal.

### Veg utan namn

Reitt nedanfor huset hennar går fylkesveg 55 mellom Sogndal og Hafslø. Det er ein veg med mykje trafikk.

– Nannlaus veg og dårleg mobildekning er ingen god kombinasjon om det skjer ei ulykke her, seier Dvergedal.

### Nedprioritert

Ho meiner utkantane blir ned-

prioriterte i dette arbeidet.

– System mi har lytte langt oppe i Femundmarka, der har dei fått gateadresse. Me bur berre seks kilometer frå Sogndal sentrum, men har ikkje fått det. Det er liksom ikkje så nøye med oss i utkantane, verkar det som, seier ho.

### Må ta grep

No håpar Dvergedal kommunen tek grep, raskt.

– Me betaler parkeringsavgift til kommunen, då synest eg dei må kunne gjø oss gatenummer og gatenamn. Eg håpar dei kan få på plass dette veldig snart. Det er så lite å be om, seier Hildur Dvergedal.

### Nasjonalt krav

Eit nasjonalt krav var at innan 2015, skulle alle kommunar ha innført gateadresser. I Sogndal kommune er det framleis mellom 2000 og 3000 som manglar gatenummer. Det er berre Sogndal sentrum og byggsjefelta på Kaupanger som har gatenummer.

– Det er ikkje gløymd, men det handlar om ressursar, seier oppmålingsingenør i Sogndal

kommune Eirik Røyssi.

### Knappe ressursar

I Sogndal kommune er arbeidet med vegnamn og gatenummer lagt til oppmålingsavdelinga, ei avdeling med knappe ressursar.

– Gatenummerering er eit nasjonalt krav, men det følgde ikkje med midlar til dette. Det er difor noko kvar ein-skiid kommune må finansiera sjølve. Me er to tilsette som jobbar med dette, i tillegg til oppmåling av tomter og matrikelføring som tek mykje ressursar. Men planen er at me skal ta opp att dette arbeidet utover våren, seier Røyssi.

Det er framleis nokre namn som må godkjennast før det kan setjast opp skilt og nummer.

– Det tek ein del tid, seier Røyssi.

### Skal på plass

Han skjønar at gatenummer og namn er noko folk ynskjer seg.

– Me har fått fleire førespurnader frå folk som lurar på kva tid dei vil få det, det forstå-



**FAKSIMILE:** 12. desember i 2012 skreiv Sogn Avis om Hildur Dvergedal som etterlyste gatenummer. Fem år etter har ho framleis ikkje fått det. Og ho er ikkje den einaste.

me godt, seier Røyssi

Kva tid alle i Sogndal kommune vil ha innført gatenamn og nummer kan han ikkje lov. – Men eg kan seie at det vil koma, seier Eirik Røyssi.

Sigridd Nese

sigridd.nese@sognavis.no

# På høg tid med handling

**TING TEK TID**, er det noko som heiter – men av og til går det så over stakk og stein og så lang tid at me må lurra på om noko er alvorleg gale. Hildur Dvergedal og mellom 2.000 og 3.000 andre sogndøler som bur litt grissrendt har ei slik sak.

**Kva gjer slik uvisse med tryggleikskjensla til folk?**

**I DESEMBER 2012** hadde Sogn Avis ein reportasje der det gjekk fram at Hildur, til liks med nærare 8.000 andre sogningar, mangla gateadresse og gatenamn. Den gongen var lovnaden frå kommunen at dette skulle vera på plass seinast i 2015.

**OG SOM FOR** å verkeleg streka under kor viktig det var å bli ferdig til den tid, vart det presisert at det var eit nasjonalt krav at alle skulle ha eit gatenummer og ei gateadresse innan 2015. Fem år seinare har ingenting skjedd, i alle fall ikkje på hjå Dvergedal på Ølnes.

**NESTEN FEM ÅR** etter at ho sist var ute i avisa, peikar Hildur Dvergedal nok ein gong på det faktum at utan gateadresse er det vanskeleg å finna fram til ho, og alle andre utan gateadresse både for politi, brannvern, lege og andre.

**DET SKAL IKKJE** vera slik at du må vera lokalkjend for å finna fram til eit bustadhus. Korleis vil dette bli etter kvart som den mykje omtalte og utskjelte nærpolitireforma blir rulla skikkeleg ut? Når omkøyrende politipatruljar heilt utan lokal tilknytning skal finna fram til hus utan gatenummer og adresse?

redaksjon @ sognavis

**DET ER IKKJE** det minste rart om eldre folk, som bur utan adresse og gatenummer kjenner på den utryggleiken som dette må medføre. Du kan jo tenkja deg sjølv å sitja i eit bustadhus i ei grend i Sogn og freista forklara vaktavande på politivakta i Bergen, korleis ein politipatrulje skal finna fram.

**FOR IKKJE** Å snakka om dersom akutt sjukdom skulle råka, og du skal freista å forklara alarmsentralen ein eller annan stad, forhåpentlegvis i Florø, kvar du er. Kva gjer slik uvisse med tryggleikskjensla til folk?

**SOM HILDUR DVERGEDAL** peikar på er det eit stort og stadig større ynske – nærmast krav, frå det offentlege at eldre må bu heime lenger. Dette sjølvsgt for å avlasta den kommunale omsorgstenesta. Kvifor hidreg ikkje kommunen då med noko så elementært som den tryggleiken ei eiga adresse, eit eige gatenummer gir?

**NAMNLAUS VEG OG** dårleg mobildekning er ingen god kombinasjon og no har utkantane venta meir enn lenge nok her i Sogn. Sogndølene er neppe åleine om å oversjå dette nasjonale kravet, men no må det ryddast opp og det snarast! Viss det vanfar ressursar så får kommunen sjå til å få desse på plass. Åleinebuande eldre i heile kommunen fortener verkeleg den tryggleiken som dette vil bety, dei har venta meir enn lenge noki!

## Sogn Avis

er ei partipolitisk uavhengig avis for Indre Sogn. Avisa blir trykt hjå Sogn og Floridane Avisstrykk as, Førde.

REDAKTØR:  
Jan Inge Fardal

DAGLEG LEIAR:  
Leif Johannes Lundø

[www.sognavis.no](http://www.sognavis.no)